



NVE
nve@nve.no

13.12.2019

MTA-plan Bremangerlandet vindkraftverk

Høringsfråsegn til MTA-plan og til MTA-plan 132 kV linje Rugsundøy-Bremangerlandet.

FNF Sogn og Fjordane er eit samarbeidsforum for natur- og friluftsansisasjonar i Sogn og Fjordane, som arbeider for å ta vare på natur- og friluftsanseressene i fylket. Per i dag er det 12 organisasjonar tilslutta FNF Sogn og Fjordane: Sogn og Fjordane Turlag (SFT), Naturvernforbundet Sogn og Fjordane, Norges Jeger- og Fiskerforbund Sogn og Fjordane, Fjordane Friluftsråd, Norsk Ornitologisk Foreining avd Sogn og Fjordane, Kystlaga i Sogn og Fjordane, Sognefjorden Vel, Norges Speidarforbund i Sogn og Fjordane, Fortidsminneforeningen i Sogn og Fjordane, Klatreklubbane i Sogn og Fjordane, Sogndal Dykkarklubb og Gloppen Kajakklubb. Organisasjonane representerer rundt 19.000 medlem i fylket.

Høringsfråsegna vert sendt frå FNF i SF med følgjande organisasjonar Keipen Turlag, Sogn og Fjordane Turlag, Bremanger Idrettslag, Naturvernforbundet i SF, Norsk Ornitologisk foreining NOF avd SFj, NJFF Norges Jeger og Fiskerforbund i SF.

Vi vil først takke for at vi fekk utsett høringsfrist, det sette vi stor pris på. Vi viser til brev 1. november 2019 frå Norges vassdrags- og energidirektorat om høyring av detaljplan og miljø-, transport- og anleggsplan (MTA) for Bremangerlandet vindkraftverk (NVE saksnummer 200708328). I høringsbrevet går det fram at saka og gjeld søknad om konsesjonsendringar. MTA-planen for tilkopling av nytt nett har vore sendt ut på eige høyring. Dette meiner vi er ein uheldig fragmentering av heilskapen i planområdet og for høyringa.

Vil viser og til høringsinnspellet frå våre organisasjonar nasjonalt, og gir her vår fulle støtte til det. Vi stør og fullt opp om innspel og kunnskap gitt til NVE i Rapport Bremangerlandet Vindkraftverk frå

E-post: sognogfjordane@fnf-nett.no

Tlf: 480 20 532

Web: www.fnf-nett.no/sognogfjordane

Adresse: Sognefjordvegen 40, 6863 Leikanger

Org. nr.: 912 265 722

Jørund Nygård. Komplementær og lokal kunnskap er ofte avgjerande viktig i slike saker inntil eit betre system og regelverk for konsekvensutgreiingar er på plass. Vi viser da og til brev datert 22.11.2019 frå DNT, Norsk Friluftsliv, SABIMA, NOF og NJFF til OED med krav om endringar i konsesjonssystemet med vår fulle støtte til dette.

«OED har i vedtak av 06.06.2017 endret NVEs avslag og gitt konsesjon til Bremangerlandet vindpark AS om å bygge og drive Bremangerlandet vindkraftverk. OED la vekt på at Bremangerlandet vindkraftverk er et svært godt vindkraftprosjekt når det gjelder forventet produksjon og tekniske forhold.

NVE fekk den 14.10.2019 søknad om konsesjonspliktige endringar, miljø-, transport- og anleggsplan (MTA) og detaljplan frå Bremanger Vindpark AS. NVE har nå sendt planane på høyring. I forbindelse med høringen ønsker vi innspill til søknadene og planene, og forslag til tiltak som kan redusere negative virkninger.»

Opphavleg konsesjon og MTA-plan etter konsesjonsendring.

Det står i innleiinga at planen etter NVE sine retningslinjer skal utarbeidast i samråd med den involverte kommunen, grunneigarar og involverte interessenter. I tekstdelen vidare finn vi berre referansar til samråd med kommune/mynde og grunneigarar. Vi finn det merkeleg at ikkje lokale lag og organisasjonar med friluftslivanlegg som merka stiar i området ikkje er referert til i notatet.

Bremanger kommune ønsker ikkje lenger utbygginga av Bremangerlandet vindkraftverk: I samband med høyring av 132 kV lina Bremangerlandet-Rugsundøy-Ålfoten kom kommunen med denne uttalen: Bremanger Kommune sin høyringsuttale til 132kV Bremangerlandet-Rugsundøy-Ålfoten var negativ til tiltaket, med merknad om at Bremanger Kommune ikkje lenger ser det ynskeleg/forsvarleg at Bremangerlandet vindkraftanlegg blir realisert.

Konsesjonsendring knytt til MTA-plan høyringa:

Proessen slik den er no, med godkjente endringar som ein del av MTA-plan er svært uryddig. Det er gjort store og vesentlege endringar i prosjektet som følgje av gitt konsesjonsendring. Desse meiner vi utløyser krav om ny og oppdatert konsekvensutredning, og lagt ut til offentleg høyring. At fullstendig rekonfigurasjon av konsesjonen skjer innlemma i MTA-plan, er etter vår meining ikkje i tråd med OED si avgjerd om at alle konsesjonssaker skal leggast i ro, medan konsesjonssystemet vert vurdert i heilskap og utbetra utifrå dei manglande som er påpekt av både høyringsinstansar og Riksrevisjonen.

I MTA-planen vert endringane forenkla både i tekstdelen og visualiseringar, t.d. vert sveipearealet vesentleg auka frå 208.306,8 m² til 250.072,2 m². For tema fugl er ikkje dette gitt å vere ein betre løysing.

Det visast til at planendringssøknaden inkluderer naudsynete tilleggssutredningar, blant anna vurdering av visuelle effektar. Er det opp til Tiltakshavar og NVE aleine å vurdere visuelle effektar? Er ikkje allmenta og busetnad inkludert i ei slik vurdering? Dei som vert mest påverka av tiltaket. Større endringar krev ny KU. For støy likeins.

Planendringssøknaden manglar og faktiske geotekniske undersøkingar av myrområda, noko Rambøll gjer reie for i sitt notat nr.K-not-039. Rambøll legg difor berre fram prinsippsskisser av nytta vegløyisingar frå Skottland, utan stadspesifikk naudsynt kunnskap om myrddjupne og myrutstrekning innafor konsesjonsgrensa på Bremangerlandet.

Plangrensa og massetak er endra, med t.d. kort avstand og mogleg drenering til drikkevasskjelda Blandevatn.

Visuell påverknad av heile anlegget i høve randsoneproblematikk knytt til to nye framlegg om nye verneområde aust og vest for vindkraftverket frå Fylkesmannen i Vestland burde vore utgreidd.

Dette er berre nokre eksemplar for å vise at det er trong for ny KU ved konsesjonsendingar, med påfølgande offentleg høyring.

Vi ber difor om at prosessen inkludert høyringa av MTA-plan med konsesjonsendingar og ny 132 kV nettkopling Bremangerlandet-Rugsundøy vert sett på vent inntil konsesjonssystemet er gjennomgått og nye retningslinjer for prosess, konsekvensutreiingar og planlegging av vindkraftverk er utarbeidd og avklart fagleg og politisk.

MTA og detaljplan:

Denne skal utarbeidast etter NVE veileder 04/2016 og i dette ligg at MTA skal utarbeidast i samråd med bland anna andre interessenter. I kva grad har lokalt turlag, idrettslag, jaktlag, reiselivet og Pilegrimsleden Sunnivaleia blitt involvert i arbeidet og hatt høve til påverknad på utforming av MTA-plan? Dette er interessegrupper som i stor grad vert påført negativ påverknad av anlegget og forslag til MTA- og detaljplan. Korleis vert dette utført i praksis, vist til I MTA-plan og følgt opp av NVE?

Som høyringspart og interessenter i saka, opplever vi eit stort demokratisk underskot, med konsesjonsendingar innlemma i MTA- og detaljplan og med erfaringsvis små eller ingen høve til å kunne påverke så seint i prosessen.

Status i høve andre planar og lovverk:

Tiltakshavar har søkt kommunen om å gje dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel frå LNF-område til industriføremål vindkraft. Formannskapet hadde dette oppe og eit tydeleg fleirtal stemte imot dette, med unntak av SP sine grunneigarrøyster.

Fylkesmannen har levert motsegn mot planen. Miljødirektoratet har ekskludert Bremangerlandet i eksklusjonsrunde 3 i arbeidet med nasjonal ramme for vindkraft. I Regional plan med tema vindkraft i Sogn og Fjordane, ligg området i sone med høg konflikt. Arbeidet med kartlegging og verdsetting av friluftslivsområde i Bremanger kommune er under ferdigstilling no og området vil etter veileder M-98 2013 komme ut med A verdi – svært verdifullt område etter oppdatert kunnskapsgrunnlag. Underskrivne er med å koordinere dette arbeidet i kommunane for fylkeskommunen. Friluftslivsområde av nasjonal, regional og lokal høg verdi. Fugletrekket gjennom området inkluderer norske og internasjonale ansvarsarter vi har erklært ansvar for gjennom ratifisering av Bonn- og

Bern-konvensjonane. Grunnane for ikkje å gje dispensasjon er so grundige og mange, vi meiner det vil vere sær s uheldig politisk handverk å overprøve dette med Statleg plan. Vi utfyller meir om kvifor:

Dispensasjonsspørsmålet etter plan- og bygningslova kap. 19.

I Kommunal- og moderniseringsdepartementet si avgjerd i saka om Frøya vindkraftverk er det lagt vekt på at det ikkje føreligg noko rettskrav på å få dispensasjon etter plan- og bygningslova, sjølv om det føreligg konsesjon etter energilova. I forarbeida til plan- og bygningslova vert det skrivne: "Vilkårene for å gi dispensasjon vil alltid være til stede når det foreligger en endelig konsesjon etter disse lovene". Departementet uttalte i denne saka, 6. juni 2019: "Departementet kan ikke se at det er holdepunkter i forarbeidene for at dette er ensbetydende med at man ubetinget har krav på å få dispensasjon. Ved vurderingen av dispensasjon skal det foretas to selvstendige vurderinger. Først må man vurdere om vilkårene for dispensasjon er oppfylt. Forutsatt at vilkårene er oppfylt, er det opp til kommunens frie skjønn om det bør gis dispensasjon. Selv om vilkårene for dispensasjon er oppfylt, har kommunen likevel rett til å avslå. Ingen har mao. rettskrav på å få dispensasjon selv om vilkårene er oppfylt".

Moment vi meiner er relevante i saka for ikkje å gje dispensasjon er:

- Omsynet til lokale, regionale og nasjonale landskaps- og friluftslivsverdiar.
- Bremanger Idrettslag/Keipen turlag har merka turstiar i området til Vetvika, Karihaugen, Fåvatnet og stølane, frå Klungreset opp Klungresetdalen via Blandevatnet til Oldeidsmannen og til Varpestølane og til Steinfjellet. Desse stiane har både lokale, regionale og nasjonale brukarar.
- Området vert nytta til hjortejakt. Denne skjer heilt fram mot jul og i lengre periodar kan området vanskeleg nyttast til dette formålet ved fare for iskast.
- Omsynet til naturbasert reiseliv. Området vert marknadsført både lokalt, regionalt og nasjonalt/internasjonalt via Visit Norway. Vetvika vert nytta mykje i ulik marknadsføring og er eit trekkplaster for Bremanger, truleg meir enn både Hornelen og Grotlesanden.
- Pilegrimsleden, Sunnivaleia¹ frå Kinn til Selje går med sti opp Klungresetdalen via Blandevatnet austover fjellet ned til Oldeiede. Denne vert sterkt berørt, deler av stien vert anleggsveg og vert totalt avstengt i periodane med iskast.
- Omsynet til folkehelse. Bremanger idrettslag har 3 trimpostar som vert berørt av vindkraftverket. Under periodar med fare for iskast vert tilgjenge til desse områda avstengt grunna høg risiko ved ferdsel i terrenget.
- Omsyn til rekreasjon og friluftsliv i utmark, normer for støynivå og støyregelverket, jf. T-1442/2016.²
- Omsynet til avgrensingar i allemannsretten ved industrialisering av Bremangerlandet og friluftslivslova § 22³, og omsynet til konsekvensar for "helse, miljø, sikkerheit og tilgjenge" i plan- og bygningslova § 19-2⁴.

¹ <http://sunnivaleia.no/>

² <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/retningslinje-for-behandling-av-stoy-i-arealplanlegging/id2526240/>

³ <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1957-06-28-16>

⁴ <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2008-06-27-71>

- Stien til Vetvika spesielt, og til Karihaugen, Fåvatnet og stølane, stien opp Klungresetdalen til Blandeavatnet, Oldeidsmannen og Steinfjellet vert sterkt påverka, ved periodar med fare for iskast vert desse områda knapt tilgjengelege i det heile grunna omsynssoner fare for iskast. Desse vil strekke seg langt utover sjølve plangrensene. Topografien i området gjer det komplisert å kunne legge om stiane. Ferdelsrestriksjonane i vinterhalvåret vil påverke eit langt større område enn sjølve planområdet. Risikosone kring kvar turbin vert sett til ein radius på 310 meter horisontalt. I kupert terreng vert denne auka monaleg.
- Omsyn til drikkevatt og konsekvensar for "helse", jf. plan- og bygningslova § 19-2.
- Fylkesmannen si motsegn mot prosjektet med omsyn til landskap med store naturverdiar, reduksjon av samanhengande inngrepsfri natur frå fjord til fjell, verknader for fugletrekk og hekkelokalitet for rovfugl.
- Nasjonale retningslinjer for lokalisering av vindkraft⁵ uttalar at ei kommune ikkje bør gje dispensasjon frå arealplan om ein statleg aktør har komme med innsigelse mot konsesjon (Fylkesmannen SF), vidare så bør dispensasjon ikkje bli gitt om tiltaket ikkje er i tråd med regional plan for vindkraft (området er merka høg konflikt, der vindkraft ikkje skal lokalisrast)⁶
- Omsynet til å ivareta samanhengande naturområde med urørt preg og ivaretaking av verdifulle naturtypar: våtmarker og myrområde, jf. T-2/16.⁷
- Lokal handlefridom og kommunalt sjølvstyre, jf. Grunnloven § 49.
- Omsynet til ny kunnskap om fugletrekk og konflikt med etablering av vindkraftverk og ny framlagt trasé for 132 kV-kraftlinje, jf. naturmangfaldlova §§ 8 og 9⁸.
- Omsynet til samla belastning av vindkraftverk og kraftlinjeframføring (132 kV), jf. naturmangfaldlova § 10 og heilskapleg vurdering etter plan- og bygningslova § 19.
- Omsyn til samla belastning på fugletrekk, artar og trekkorridorar som økosystemkomponent, jf. naturmangfaldlova §§ 4, 5 og 10.
- Omsynet til at det er føreslått nye verneområde tett på vindkraftanlegget og ny føreslått trasé for 132 kV-kraftlinje, heilskapleg vurdering etter plan- og bygningslova § 19-2.
- Omsyn til føremålsbestemmelsane i plan- og bygningsloven.
- Omsyn bak bestemminga det skal dispenserast frå. Omsyn til den overordna arealavklaring og rettsleg bindande arealkategori i kommuneplanens arealdel.
- Terrengdekkande myr, raudliste for naturtypar 2018. 30-50% av denne naturtypen har gått tapt siste 50 år.⁹

Dokumentasjon

⁵ <https://www.nve.no/media/2419/retningslinjer-for-planlegging-og-lokalisering-av-vindkraftanlegg.pdf>

⁶

<https://img4.custompublish.com/getfile.php/3394474.2344.qeycfvxyyc/Regional+plan+for+vindkraft+08.06.2011+pdf+web+hefte.pdf?return=www.ardal.vgs.no>

⁷ <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nasjonale-og-vesentlige-regionale-interesser-pa-miljoomradet--klargjoring-av-miljoforvaltningens-innsigelsespraksis/id2504971/>

⁸ https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2009-06-19-100/KAPITTEL_2#%C2%A79

⁹ https://artsdatabanken.no/rln/2018/153/terrengdekkende_myr?mode=headless

Det mangler gode data for å vurdere omfang og grad av alvor av inngrep i terrengdekkende myr direkte, og vi støtter oss på generell kunnskap om trusselbilde, påvirkningsfaktorer og utvikling hos ulike typer nedbørsmyr.

Ved rødlistevurderingen i 2011 anså Moen & Øien (2011) at "En betydelig andel av forekomstene av terrengdekkende myr har blitt ødelagt som intakte myrkompleks som følge av inngrep de siste 50-100 år (...) Kunnskapen om reduksjon er svært mangelfull, og dessuten er graden av påvirkning, og mulighetene for restaurering vanskelig å bedømme. Vi vurderer reduksjonen av intakte systemer til mer enn 30 % de siste 50 år". Basert på registreringene gjennom myrplanarbeidet i Sør-Norge anslår Lyngstad et al. (2016) at reduksjonen i areal og tilstand for terrengdekkende myr er om lag den samme som for oseaniske nedbørsmyrer generelt., eller litt mindre enn denne. På bakgrunn av dette anslår vi arealet som er påvirka eller tapt de siste 50 år til 30-50 %.

Terrengdekkende myr forekommer i områder som er særlig utsatt for vindkraftutbygging, og det er grunn til å tro at trusselbildet har blitt skjerpet siden forrige rødlistevurdering.

Samtidig anser vi at nedbørsmyr har større reduksjon i areal og tilstand enn myr generelt. På den bakgrunn har vi satt terrengdekkende myr til VU etter A- og C2-kriteriet.

Bremanger kommune ønsker ikkje lenger utbygginga. Dei samfunnsmessige positive verknadane som var førelagt i opphavelag konsesjonssøknad med vesentleg utbetring av veggen mellom Smørhamn og Oldeide er falt vekk. Dette var og vesentleg grunnlag for nokre av klagen til OED om NVE sitt framlegg til avslag for konsesjonen.

Vi ser ikkje at det føreligg fagleg grunnlag for å overprøve Bremanger kommune (endeleg vedtak i kommunestyret 19.12.19) sitt kommande vedtak i høve å dispensere frå LNF-område til industriføremål.

Konsesjonsvilkår:

2. Fornyng. Kvifor er ikkje dette punktet relevant? Inngrep, påverknad og livsløp er særskilt relevant sett i samanheng. Om levetida på turbinane vert på omlag eller maks 15 år, stort sannsyn for det i hardt kystklima, ref. Vågsøy vindkraftverk, vil inngrepa og tap for lokalsamfunnet vere for store i høve ei brukstid på 15-25 år. Ved utskifting av turbinar innan konsesjonstida vert mengda avfall av ikkje omsetteleg slag verte særskilt høg og lite samfunnsstenleg ut i frå dagens kunnskap.

6. Krav om ledig nettkapasitet. Anlegget krev oppføring av ny 132 kV line Ålfoten-Rugsund-Bremangerlandet. Denne vil ha ei levetid på 40-60 år og vil ikkje ha anna funksjon enn å mate inn energi frå Bremangerlandet vindkraftverk. Det finst ikkje og føreligg ikkje planar om stor kraftkrevjande industri på Rugsundøy eller i Oldeide, og denne lina har og store negative konsekvensar for naturmangfald, jmf tidlegare høyringsfråsegn til denne

7. og 11. Bruk av adkomstvei og internveier. MTA-plan. Alt arbeid i anleggsfasen har etter erfaring vore utsett for alvorleg underskot på tilsyn frå NVE sitt miljøtilsyn. Dette vart og bekrefta av Arne Olsen sin uttale i media tidlegare i haust etter kritikk frå fleire hald, at der ikkje var nok kapasitet til å følgje opp vindkraftutbyggingane i anleggsfasen. Dette er ei alvorleg rutinesvikt. Vi meiner

miljøtilsynet må ha nok ressursar til å følgje opp så store anleggsarbeid, eller at ein senker tempoet vesentleg i utbyggingstakten, slik at denne står i forhold til kapasiteten NVE har til å følgje opp de konkrete konsesjonane i felt under anleggsperioden.

Det står ingenting om korleis tilsyn skal utførast undervegs. Det er heller ikkje oss kjent at det har vore dialog med involverte interesseorganisasjonar om løysing av lovleg ferdsel etter friluftslova langs mykje nytta merka stiar og langs Sunnivaleia gjennom anleggsperioden og seinare i driftsfasen ved fare for iskast.

Det må konkretiserast gode løysingar for alternative stiar, ruter og Pilegrimslei, korleis og kor desse kan leggest og nyttast gjennom året, i anleggstida og i driftsperioden utan at folk er utsett for ekstra upårekeleg risiko ved å ferdast i områda. MTA og detaljplan bør ikkje godkjennast før dette er formelt avklart og planlagt i terreng, på kart og i samråd med involverte partar.

18. Ising og iskast. «NVE kan stille krav til tiltak dersom omfanget av ising og risikoen for iskast viser seg å begrense muligheter for utøvelse av friluftsliv.»

Ved forhold som gir iskast vil stien til Vetvika spesielt, til Karihaugen, til Fåvatnet og stølane, stien opp Klungresetdalen til Blandeavatnet, til Oldeidsmannen og til Steinfjellet verte sterkt utsette. Pilegrimsleden Sunnivaleia vert avstengt over skaret. Ved periodar med fare for iskast vert alle desse områda knapt tilgjengelege i det heile grunna omsynssoner fare for iskast. Omsynssynene vil strekke seg langt utover sjølve plangrensene. Topografien i området gjer det komplisert å kunne legge om stiane. Ferdelsrestriksjonane i vinterhalvåret vil påverke eit langt større område enn sjølve planområdet. Risikosone kring kvar turbin vert sett til ein radius på 300 meter horisontalt. I kupert terreng vert denne auka monaleg. Området vert og mykje nytta til hjortejakt. Bremangerlandet er og det mest snøsikre og difor den beste plassen for å kunne gå på ski lokalt på Bremangerlandet, utan å måtte reise langt inn på fastlandet

Utifrå dei sær store friluftslivsverdiane i området ber vi NVE no om å stille spesifikke krav som gjer det mogleg å halde fram med utøving av ulike typar friluftsliv nær og i vindkraftverket gjennom heile året.

E-post: sognogfjordane@fnf-nett.no

Tlf: 480 20 532

Web: www.fnf-nett.no/sognogfjordane

Adresse: Sognefjordvegen 40, 6863 Leikanger

Org. nr.: 912 265 722



Stien til Vetvika går nært turbin T 18 og vil verte mest utsett for iskast.

Vi ber om at kart som viser faresone iskast inkludert rutinar for varsling vert inkludert i MTA plan og ikkje ettersendt seinare som del av eigen høyring.

Beskrivelse av tiltaket. Arealbruk.

Her er sett opp ein tabell over arealbruk. Denne er mangelfull. Kabelgrøfter er ikkje teke med, desse ligg normalt i vegskulder, og av erfaring vert vegbredde i sum langt over 5 meter i snitt. Riggområde er heller ikkje teke med, og ikkje tilleggsareal for deponering av masser undervegs i arbeidet. Sprengstein og masser i terrenget bør og vere med i det som vert arealpåverka. Mellomlager av masser må takast med i tabellen.

Sjølv om arealprosenten kjem nærare 2,5 % eller 3 % så vil heile området verte sterkt påverka, romleg og med støy. Det rette vill vore og sette opp arealbeslag i høve støypåverka areal og rompåverka areal. Og areal som kan verte utsett for iskast. Alle desse siste kategoriane vil komme ut langt ut over 100 % arealbeslag!

E-post: sognogfjordane@fnf-nett.no

Tlf: 480 20 532

Web: www.fnf-nett.no/sognogfjordane

Adresse: Sognefjordvegen 40, 6863 Leikanger

Org. nr.: 912 265 722

Tilknytning av nytt nett høyrer og med til eit arealbeslag og bør også koplast til i lag med de andre kategoriene nemnt over. Vi ber difor om at det i ny revidert MTA-plan settast opp ein ny komplett oversikt over alle typar arealbeslag som er relevante for prosjektet og involverte partar.

Turbiner. Det vert sett inn nye større 4,8 MW turbinar som vil ha eit langt større sveipeareal og romleg arealpåverknad vert auka vesentleg, sjølv om det vert færre turbinar enn i første framlegg. Vi kjem tilbake til kven av desse vi meiner må takast ut av prosjektet i avbøtande tiltak. Med denne turbintypen er det rom for 16 turbinar etter opphavleg konsesjonssøknad på 80 MW.

Nett og ny tilknytning. Denne er ein del av prosjektet og MTA- og detaljplan bør leggest fram samla som eit samla prosjekt, slik det i røynda vert med totale inngrep og konsekvensar. Vi ber difor om at desse kan leggest fram samla i ein ny revidert høyring.

Adkomstveg. I opphavleg søknad var denne lagt frå Smørhamn til Svarstad, med vesentlege utbetringar av offentleg veg. Dette utløyste mykje lokal velvilje til prosjektet frå kommune og næringsliv og var blant viktige argument då avslaget frå NVE vart klaga inn til OED.

Når denne samfunnsnyttan fell vekk og langt fleire støyfølsomme bygg vert utsett for støy over 45 Ldb har prosjektet mista mykje eller alt av positive ringverknadar for lokalsamfunnet. Mykje av klagegrunlaget for avslaget har falle vekk med denne endringa.

Terrenginngrep og istandsetting. Vi meiner detaljerte beskrivelser av både tiltak og istandsetting av landskap burde ha vore utarbeid og lagt ved MTA-plan i denne fasen, og gjort til del av høyringa. Det ville og sikre NVE sitt miljøtilsyn ei enklare oppgåve for oppfølging av prosjekt.

Når inngrepslinja i terrenget er sett til 20 meter utifrå senterlina med totalt 40 meter, er det tydeleg svært forenkla og sette opp berre 5m vegbreidde i arealtabellen i snitt. Dette høver ikkje med det som faktisk skjer ute i terrenget etter de synfaringar organisasjonane totalt har delt informasjon om.

Vi meiner dette vitnar om eit godt forsøk på underrapportering av faktiske forhold. Her ligg og mykje kime til lokale konflikhtar og motstand mot tiltakshavarar.

Prinsipp for utforming av vegar. Desse er standardforklaringar og ikkje tilpassa lokale forhold. Langt større areal enn omtala består av myr. Og anna myrutforming enn omtala. Viser her til rapport frå Jørund Nygard og utale frå nasjonale organisasjonar til MTA planen.

Berørt terreng inkl revegetering bør og inkluderast i arealtabellen over arealbeslag.

Kranoppstillingsplassar i myr. Dette tema manglar omtale i MTA plan og i notat frå Rambøil. Totale inngrep i myr inkludert i eit rekneskap for utslepp av CO2 gjennom anleggsarbeidet burde vore med. Vi ber om at dette vart lagt til i ny revidert MTA plan.

Vedlegg av vesentleg art bør vere på norsk slik at alle høyringspartar kan gjere seg kjent med innhaldet. MTA planen skulle etter vårt skjøn vore utarbeidd med all aktuell kunnskap frå undersøkingar i vedlegg innlemma i sjølve MTA planen som viste til korleis prosjektet vert utforma etter og i tråd med oppdatert kunnskap.

Naturmiljø. Vi viser til innspel frå våre nasjonale organisasjonar og rapport ved Jørand Nygård for tema og meiner at turbinane T 05, T 17 og T 18 må takast ut av prosjektet av omsyn til fugl og fugletrekk. I tillegg må det vurderast stenging av drift i mest utsette periodar. Ulike artar av gås trekker breitt og ulikt i ulike år etter forholda. Undersøkingar av fugletrekk må difor gjerast over år. Etterundersøkingar er komplisert og gir vanskeleg ei fullverdig oversikt over tap, særleg av små artar.



Natur- og friluftslivsorganisasjonane er særskild bekymra for utviklinga for de store landskaps-, natur- og friluftslivsverdiane som er knytt til Bremangerlandet i heilskap og området der Bremangerlandet vindpark AS nå har lagt fram sin MTA-plan for industriføremål vindkraftverk. Vi minner om at heile området vest for planområdet er føreslege til landskapsvernområde, medan området i aust knytt til Hornelen er føreslege til nasjonalpark. Dette understrekar sterkt de store verdiane i området.

E-post: sognogfjordane@fnf-nett.no

Tlf: 480 20 532

Web: www.fnf-nett.no/sognogfjordane

Adresse: Sognefjordvegen 40, 6863 Leikanger

Org. nr.: 912 265 722

Venleg helsing

Forum for natur og friluftsliv Sogn og Fjordane

Elisabeth Dahle

Fylkeskoordinator
FNF Sogn og Fjordane

Keipen Turlag - Kirsten Grotle, leiar

Bremanger idrettslag – Anette Igland, leiar

Sogn og Fjordane Turlag, v/ Naturvernutvalet – Ron Overdevest, leiar

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane - Jon Anders Stavang, styremedlem

Norsk ornitologisk Foreining, NOF avd SFj – Anders Braanaas, leiar

Norges Jeger og fiskerforbund SF – Alf Erik Røyrvik, leiar

E-post: sognogfjordane@fnf-nett.no

Tlf: 480 20 532

Web: www.fnf-nett.no/sognogfjordane

Adresse: Sognefjordvegen 40, 6863 Leikanger

Org. nr.: 912 265 722

